# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 3 Oktober 2013 – 16. årgang



Norsk Seterkultur

## Seterbrukaren

kjem i desember, med frist for stoff og annonsar 20. november. Vi minner om at spaltene er opne for ord og bilete frå det mangfaldige seterlandet vårt.

## Medlemskontingent

Når dette leses, skal alle medlemmer ha fått faktura på kontingent for 2013.
Håper alle betaler innen fristen! Satsene er de samme som de har vært; kr 300 for abonnement/støttemedlemskap, kr 400 for aktive seterbrukere og kr 600 for organisasjoner.

Hvert år får vi fakturaer og blad i retur pga feil adresse, flytting med mer. Det er viktig at alle som ikke har korrekt adresse på faktura eller blad, gir beskjed om den rette. Helst på epost til seter@seterkultur.no.


**Styret:**

Katharina Sparstad, leiar
Tlf. 990 09 584 | ks@valdres.no
2975 Vang i Valdres

Siv Eggen
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Per Sæther
Perseter
6631 Batnfjordsøra
tlf.71 29 01 81\93 67 35 69
pesetra@gmail.com

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggedal
bkulberg@broadpark.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbrukssamvirket)

**Varamedlemmer**
Odd Arne Espeland
Jondal i Hardanger
tlf, 97 12 02 46
odar-esp@online.no

Ingrid Arneng
tlf. 95 78 32 06
Skjel, 2940 Heggenes
i.arneng@skjel.no

Erik Fleischer
tlf. 91180314
Braskerud Nystuen
2436 Braskereidfoss
erfleisc@online.no

**Utgjevar:**
**Norsk Seterkultur, 6214 Norddal**

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

| | |
|---|---|
| Bankgiro: | 2367 20 51169 |
| Organisasjonsnr. | 879270642 |
| Redaktør: | Jostein Sande |
| Førtrykk: | Stordfjord Bladlag AS |
| Trykk: | Birkeland trykkeri |

**ISSN 1501-6803**
**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**
**Framsida. Frå Løtenfjellet.**
**Foto: Espen Mørch Andersene**


# "Forutsigbarhet"?

I skrivande stund er den blå-blå regjeringserklæringa klar, og den ber bod om dramatiske endringar i landbrukspolitikken. Effektivitet og lønsemd skal prioriterast, busetnad og sysselsetting skal ikkje vera mål for landbruksoverføringane. Konsesjonslov, buplikt, delingsforbod og priskontroll står for fall og konsesjonsgrenser skal hevast, alle tiltak som ville stimulere til større bruk. Regjeringserklæringa seier litt om rovdyrpolitikken, men elles er det som venta lite fokus på den delen av landbruket som nyttar utmarksressursane.- I Høgre si landbruksmelding heiter det m.a. at sjølforsyning ikkje er eit mål i seg sjøl og at at kjøt- og mjølkeproduksjon der importert kraftfor inngår må reknast som norskprodusert. I same dokumentet merkar vi oss og ei formulering om at "støtte til landskapspleie bør være adskilt fra budsjettstøtte til produksjon". Høgre og Frp har ikkje fleirtal i Stortinget, så spenninga ligg i om dei får hjelp til fleirtal for så store endringar i lovverket og omleggingar i tilskotssystemet.

I avtalen mellom Høgre, Frp, Krf og Venstre heiter det at "Avtaleinstituttet i landbruket opprettholdes, og det legges vekt på forutsigbarhet og reformer som kan gi økt lønnsomhet." Det er positivt at avtaleinstituttet i landbruket skal bestå, men formuleringa seier ingenting om detaljane i politikken. Vi går ut frå at Ap, Sv og Sp vil stå på den raud-grøne landbruksmeldinga som vart lagt fram i 2011. At dei blå-blå no vil gå i ei heilt anna retning er ikkje overraskande, akkurat her passar ordet "forutsigbarhet". Men for landbruket som heilskap og for den einskilde bonden er det i dag vanskeleg å karakterisere situasjonen med ord som "forutsigbarhet! Støttepartia Krf og Venstre har jammen teke på seg eit stort ansvar!

*Jostein Sande*

---

Norsk seterkultur og Budeieveven

# Med ystebu på Dyrsku`n i Seljord



Andrea Dijikstra, Bjørn Karsten Ulberg og Gro Hommo- i Fjoset på dyrskuplassen.

Kvart år frå andre fredag i september er det stor folkefest og marknad på Dyrsku`n i Seljord i Telemark. Hit kjem rundt 70 000 gjester. Budeieveven stiller mannsterke opp og syner fram gamle ystetradisjonar. Me yster og kokar prim (brunost) i 2 gryter ei av jarn og ei av kopar. I år var me heile 12 stk som delte på dagane. Me brukar både geitemjølk og kumjølk. Ystebua står på Sterke-Nils tunet der det er fjos med telemarkskyr og geiter. Det er smie, halmfletting, braubaking, lagging, sauming av skinnfellar, tjærebrenning og meir til, innimellom alle samtalane lyder kveding, felemusikk og her er også fortellingar og skodespel. For oss budeier og seterbrukarar er det moro og møtast å syne korleis ein lagar desse tradisjonsrike produkta. Med besøk frå heile landet og også folk frå utlandet får ein diskutert og forklara mange omgrep og framgangsmåtar og mellom anna rydda opp i skilnad på separator og kinne. For me kinnar også smør. Høgdepunktet på dagen er når nykinna smør og primsleik kan delast ut gjennom gluggene. Folk vert drøymande i blikket og mange tenkjer attende på gamle dagar. Det er også stor stas når munnar får kjenne desse reine smakane for fyrste gong, vaksne og ungar. Publikum kan også vera heldige å få kjøpt med seg heim nokre av produkta desse budeiene lagar heime eller på staulen.

***Ingebjørg Håvardsrud***

# Å, jeg vet en seter...

Artikkelen er tidligere publisert i Nationen.

Sommertid er setertid. I deler av landet har vi relativt mange setre som fremdeles er i drift. Dette er unikt for Norge, og viktig kulturarv som må tas vare på.



Tradisjonelt representerte norske setre en hel produksjonsprosess, som deler av året ble flyttet til fjells. Dyra ble flyttet til beiter så langt borte fra gårdsbruket at melka måtte utnyttes og konserveres på stedet i form av rømme, smør og ost. Dette var avansert ressursutnyttelse, helt nødvendig for overlevelsen på landsbygda.
Seterdrift er ikke et norsk fenomen, og har – i en eller annen form – eksistert over hele verden. Det har vært gjort noen få arkeologiske undersøkelser som kan tyde på at setring i Norge går helt tilbake til bronsealder. Det gir oss et tidsspenn på omtrent 3000 år for norsk seterbruk.

På 1800-tallet var setra en svært viktig del av norsk landbruk. Mest utbredt var seterbruket trolig rundt 1850. På det meste har man anslått at omtrent 50 000 gårdsbruk hadde seter, mange gårdsbruk hadde flere setre. I takt med mekanisering og spesialisering av jordbruket samt andre samfunnsmessige endringer som urbanisering, industrialisering og utvandring, gikk seterbruk kraftig tilbake. I 1939 hadde26 500 gårdsbruk seter. I 2011 var tallet nede i 1 500 gårdsbruk. Oppland, Hedmark, Sør-Trøndelag og Buskerud er de største seterfylkene.
Seterlandskapet er en verdifull del av vår kulturarv, som omfatter bygninger og utstyr, beite- og slåttearealer og immateriell kunnskap. Den norske setra finner vi igjen i folketro, dikting, musikk og fortellinger. Lokkesangen til budeiene har inspirert mange norske kunstnere, som blant andre Edvard Grieg. Setrene våre er også en viktig del av kvinnehistorien. På setra var budeia sjefen og stod for driften. Riksantikvaren har fredet flere seterbruk, blant dem Solbråsetra i Sør-Fron kommune i Gudbrandsdalen. Solbråsetra er best kjent som stedet der budeia Anne Hov oppfant Gudbrandsdalsosten, antakelig sommeren 1863.

I takt med utviklingen i landbruket, og samfunnet generelt, har også kulturlandskapet endret seg siden Anne Hov regjerte på Solbråsetra. Landskapet gror mange steder igjen og bygninger forfaller eller endres radikalt. Hvordan kulturarven knyttet til seterbruken best skal bevares, blir en stor utfordring for forvaltningen i årene som kommer. Selv med relativt begrensede midler, er viktige tiltak allerede satt i gang.

I Utvalgte kulturlandskap i jordbruket har landbruks-, natur- og kulturminneforvaltningen gått sammen om å gi bonden drahjelp. Denne satsingen er et spleiselag mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet. Særlig tre av områdene i denne satsingen inneholder verdifulle seterlandskap: Vangrøftdalen-Kjurrudalen (Hedmark), Seterdalene i Budalen (Sør-Trøndelag) og Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal (Møre og Romsdal).

Norsk institutt for skog og landskap driver overvåkingsprogrammet 3Q. Med støtte fra blant andre Riksantikvaren kartlegges endringer i jordbrukets kulturlandskap. Dette innebærer blant annet en pågående seterregistrering, som gjennomføres i perioden 2009 til 2015. Selv om arbeidet ennå ikke er ferdigstilt, rapporteres det om mange sammenraste hus og gjengrodde landskap. Samtidig forteller kartleggingen om mange engasjerte eiere, som tar godt vare på sine seteranlegg og forvalter både bygningsarv og miljø på en fantastisk måte. Det lover godt for at verdifull kulturarv vil bli tilgjengelig også for kommende generasjoner.

I løpet av sommeren vil mange turister besøke norske seterbruk. I dag drives noen få setre på den gamle måten, og foredler alle råvarer på stedet. Med vår tids veier og logistikk drives langt flere som et supplement til ordinær gårdsdrift, med daglig melketransport. Enkelte setre kombinerer også tradisjonell drift med turisme. Bygningene på norske setre var preget av nøkternhet, men dagens forventinger og behov bidrar til at både bygningene og landskapet rundt endres betydelig. Turistenes ønsker kan nok av og til være vanskelig å forene med tradisjonell seterdrift. Det er viktig å huske på at det ikke er vi, men dyrene, som skal til seters for å bli fete. Klarer vi å finne en god balansegang mellom turisme og seterdrift, kan vi oppnå at turisme også kan bli et godt bidrag til å bevare en viktig del av vår felles kulturarv.

***Jørn Holme***
***riksantikvar***



Foto: Nationen

Sloken i Løtenfjellet

# Vi gler oss allereie til ne


Gamle Telemøy (12) er dronninga, Nyt Norge-kua 2013! Ho har eit hjerte av gull. Eg meldte ho på fordi ho er så snill, finn alltid plassen sin i fjøset, tek med seg flokken heim frå beitet og ho er ei innmari god mjølkeku, fortel Espen Mørch Andersen.

Vi leiger garden, mjølkekvoten og setra. Vi forpaktar Løten prestegard av Opplysningsvesenets fond, vi leiger mjølkekvoten på 40 tonn og så har vi tatt opp igjen drifta på ei tidlegare småbrukarseter.

Østvangen Nedre, Sloken, i Løtenfjellet – i Løten allmenning - er ei typisk skogseter som ligg om lag 550 meter over havet, etablert ein gong i tidleg mellomkrigstid som seter for småbrukarar med nokre få kyr kvar. Den gongen var det opp mot 30 kyr der og leigd budeie, og det var faktisk tre slike småbrukarsetre i drift i dette området. Det er Espen Mørch Andersen som fortel dette. Garden med seterdrift og elles allsidig aktivitet driv han saman med sambuaren Even Norderhaug – og Emil, sonen til Even.

Det er andre året dei setrar på Sloken, der det har vore opphald i setringa sidan 1993. I sommar har dei hatt buskapen der i 13 veker, flytta opp midt i juni og det høver å vera der til månadsskiftet august-september. Setra ligg 15 km frå garden og dyra må køyrast dit.

## Heile buskapen til seters – men rovdyr truar

-Dyra vi har på setra er sjølsagt dei 11 mjølkekyrne – ein buskap med telemarksfe, østlandsk raudkolle og sida trønder/nordlandsfe. Vidare er det kalvar og kopplam, høner og hundar – og sjølsagt hestane våre. I fjellet har vi også om lag 130 sauer med smått og stort. Sauene går fritt i fjellet heile sommaren, men vi ser ofte til dei og held kontroll på kvar dei er både ved tilsyn og ved hjelp av gps-bjeller. Rovdyr som ulv og bjørn er et problem for sauene så tilsyn må til - sjøl om det hjelper lite, fortel Espen, som for øvrig skal halde innlegg om ” setersommer med rovdyr” på den svensk-norske setersamlinga på Røros i november. Ja, denne sommaren vart vi verkeleg ramma av rovdyr, ein kalv vart teken av ulv innafor gjerdet ved setra! Er redd dette berre er begynnelsen på store rovdyrutfordringar også for storfe på beite. Mindre sau i fjellet, som følgje av at bønder gir opp p.g.a. rovdyrtap, fører til at rovdyra går på storfe, seier Espen.

## Vi ønsker døkk vælkømmin tell sæters ama!!

På Sloken driv vi ordinær mjølkeproduksjon, tankbilen hentar det meste av mjølka, men etterkvart vil vi tilby fleire lokalt foredla mjølkprodukt. Vi tilbyr også seterbesøk for familiar og grupper etter avtale. Gjestane får delta i fjøsstellet, helse på og klappe dyra våre, bli med på ein kjøretur med hest og vogn – og få oppleva atmosfæren på ei ekte seter. Etter dette kan kaffe/saft og vafler/lapper forhåpentligvis nytast ute i finværet, mens vi hører bjøllekua med bølingen er på veg heimover, eller ved dårlig vær kan det nytast inne i seterstua, mens vi kanskje også må fyre i omnen. Ja, på fjellet og setra er det ver, vind og dyra som regjerer, så ett nøye fastsett program passar ikkje der! Åpne dagar på setra blir også arrangert, annonsert gjennom lokalpressa og på eiga nettside.

## Gamle husdyrraser

Espen er opptatt av dei gamle husdyrrasene, mange av dei utryddingstrua. Både kulturhistorie og verdifullt genetisk materiale er trua. I dag er det t.d. berre kring 330 telemarkskyr, definert som eigen rase alt i 1850 og vidt utbreidd. Men med rasjonaliseringa og den moderne NRF-kua forsvann både telemarkskua og dei andre gamle rasene. Hestane, fjordingar og dølahest, er også utryddingstrua i dag. Desse husdyra har vore med på å brødfø oss i århundrer og å bygge landet. Og så lenge det finst ildsjeler med interesse for dei er det håp. Men det trengst støtte og motiverande tiltak, slår Espen fast. Kyrne er sjølsagt inne til mjølking morgon og kveld, men i sommar har vi latt dei gå fritt i utmarka også om natta. Slik unngjekk vi ei opptrakka seterkvie og dei har kome heim til mjølking i rett tid. – Aggregat gir straum


”Fjording, dølahest, STN, telemarkskyr og seterlandskap, kan vel ikke bli mer norskt?”

# ste setersommar

til mjølkemaskin og tank, elles er straum og innlagt vatn framandord på Sloken.
Høner, nærare bestemt ei besetning Norsk Jærhøns, høyrer og med til buskapen på garden og setra. Jærhøna er den einaste norsk landrasen som er att, seier Espen. Og som for mange av kyrne våre, dei står på lista over trua artar. Ho er ei aktiv høne, glad i å flyge og kan nok opplevast som meir sky enn vanlege produksjonshøner. Hønene er naturlegvis med på setra, så slik sett er dei nok litt meir bereiste enn gjernnomsnittshøna, seier Espen.

**Hest**

Espen fatta tidleg interesse for hest, og har omfattande utdanning i hestefaget og har dreve det langt i konkurranseriding. Han har også utdanning innan psykisk helse. I 10 år eigde og dreiv han Jarnsby Stall og Besøksgård på Hvam, der han hadde rideskule med 150 elevar i veka og var ein av Akershus største tilbydarar av "Inn på Tunet"-tenester, hadde oppstalling av privathestar, dreiv besøksgård for skular og barnehagar og mjølkeproduksjon på verneverdige utryddingstruede kurasar. – Hest er fortsatt viktig for Espen sjøl om han har slutta å konkurrere. I høgsesongen vinterstid på Budor flyttar han opp med hestane og arrangerer kanefart og seterbesøk, "skreddarsydde" opplegg som også kan avtalast om sommaren. Hestane går inngjerda på setra, men grusvegane på fjellet er lange og mange, så det blir høve til både kjøring og riding. For meir informasjon: www.hesteespen.no





Både kyrne og gardsguten Emil trives på setra.

# Satser videre på stølsmelk

## Stølsmelk kommer i butikkene også neste sommer!

Lanseringen av Stølsmjølk frå Valdres har vært en suksess og TINE fortsetter satsingen til neste år. – Vi har fått mange positive tilbakemeldinger både fra forbrukerne, handelen og bøndene som har vært med på prosjektet, sier prosjektleder i TINE, Rolf Tobiassen. Sommeren (juli–september) 2013 solgte vi totalt nærmere 50.000 liter stølsmelk.
Sammen med lokale bønder i Valdres-regionen lanserte TINE Norges første stølsmelk i juli. Den var i salg frem til kyrne ble tatt ned fra sommerbeite i september og solgte totalt nærmere 50.000 liter.

– Testprosjektet Stølsmjølk frå Valdres har vært positivt både for oss, bøndene og området rundt Valdres, sier Tobiassen. Stølsmelken fikk også toppkarakter i en smakstest og det tar vi med oss videre i arbeidet til neste år.
TINE ønsket med prosjektet å gi forbrukerne et spesialprodukt med smaken av norsk fjellsommer. Salgstallene har ikke vært det viktigste.

– Det har vært en varm sommer på Østlandet, noe som tradisjonelt gir et lavere melkesalg. Vi hadde håpet på at flere butikker ville ta inn melka i sine kjøledisker, men dette er noe av det vi skal jobbe mer med til neste år.
Stølsdrift har lange tradisjoner i Valdres og området er Europas største gjenlevende stølsrike med 300 støler. Stølene ligger på mellom 800 og 1000 meter over havet og dette gir også unike muligheter for produksjon av kvalitetsmelk.





Hjemmelaget geitekaramell fra Herdalssetra lages i en stor jerngryte. Det tar som regel 6-7 timer å få karamellene ferdige. Alle foto: Marit Lundby

# Et blikk tilbake, for fremtiden

Et sted utenfor verden. For refleksjon, tradisjoner og høye fjell. En grønn innsjø som speiler et grønt ønske. Velkommen står det på et skilt. Velkommen til Herdalssetra.

Tekst og foto: Marit Lundby

Solstråler lager glitter av grønt vann. I ett med og oppover fra en uforstyrret innsjø sprer et teppe av gule og oransje bomullsdotter seg utover. Innimellom brytes de varme fargene av friskere blader som fortsatt ikke har gitt opp. Tretoppene er i ferd med å gå i dvale etter en kald september-måned. Solen gir ikke den samme næringen lenger, men den skinner fortsatt ned på dalen. Som et løfte om varmere dager.

Innsjøen ligger der i stillhet. Omringet av grå kjemper som taust betrakter det uforstyrrelige som plutselig blir forstyrret. En mann i en båt. En vannflate som rives i stykker av to årer.

Menneskene har alltid tilpasset seg og tatt i bruk naturen. Men er vi i ferd med å glemme?

Innerst i en fjelldal i Møre og Romsdal finnes det noen som husker eldre tider og levemåter. Mennesker som minnes det som forsvinner fra nåtiden. Forbi en grønn innsjø - 12 kilometer fra nærmeste butikk og den lille bygda Norddal - ligger Herdalssetra.

## En pause fra verden

- Dette er mitt friminutt. Her spiller det egentlig ingen rolle hva som foregår i resten av verden.

Fingre gnir vekk salte tårer idet tykk røyk fyller det lille rommet og blander seg med lukten av geitemelk. Damian er polsk, 24 år og studerer byplanlegging. Han er også gårdsgutt på Herdalssetra for tredje sommer på rad.

- Første gang jeg kom hit visste jeg at dette var perfekt for meg. Jeg trodde virkelig ikke at et slikt sted kunne eksistere.

Stemmen er rolig, som et speilbilde av stedet. Stillheten blir bare brutt av lyden fra hvit, boblende veske. I en 90 liters jerngryte produseres gårdens egen geitekaramell. Den søte, klissete deigen selges til turistene som besøker gården hver sommer. Som regel kommer det flere tusen i løpet av en sesong. På gården tilbys også overnatting i gamle sel, eller seterhus, og omvisning med ysting, historie og smaksprøver. "Ei vandring i tid, lukt og smak". Økoturisme heter det - turisme som ivaretar, forsterker og fremhever egenarten til et sted, både med hensyn til miljø, kultur, estetikk og kulturarv.

Damian rører om i massen som sakte, men sikkert tykner. Han har sittet i rommet i snart seks timer, men han har ikke dårlig tid. Det har man sjelden på Herdalssetra. Om en halvtime er de ferdige, karamellene han skal ta med hjem til venner og familie i Polen.

- Den første sommeren jeg var her var det litt vanskelig. Du vet, ingen strøm, ikke nett. Nå liker jeg denne måten å leve på, men mange som kommer opp hit syntes det virker primitivt.

Han rekker frem en øse med flytende hvitt gull mens han snakker.

- Jeg ble en gang spurt om vi kunne lese og skrive her oppe.

Munnvikene trekker seg oppover. Karamellen leker på tunga.

## Fred. For en liten stund.

300 år med seterdrift og en historie som strekker seg tilbake til vikingtiden. I dag står Herdalssetra på UNESCOS verdens-

arvliste som en del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Fredningen ble et resultat av at seteren en gang var i faresonen for å bli ødelagt. Herdalsvatnet skulle demmes opp, noe som hadde forvandlet seteren til en sump. Åshild Dale er deleier i Herdalssetra og en av de som har kjempet for å bevare den.

- Vi visste jo at setra kunne brukes mer intensivt. Ikke bare for dyr, men også for folk. Vi ville vise hvor idyllisk det er her, og til slutt vant vi kampen, forteller hun.

Etter mange usikre år var stedet reddet. I hjertet av verdensarvområdet puster i dag 30 trehus lettet ut etter en sommer full av turister, budeier, dyr og gårdsgutter. Damian er en av de siste som er igjen etter en lang sommer. Snart skal han tilbake til Polen.

- Dette stedet har gitt meg tid til selvransakelse. Til refleksjon over hva som betyr noe i livet mitt.

Han presser leppene ømt mot pannen til geitekillingen han holder i armene. Etter seks timer er karamellene ferdige og geitene sluppet inn for kvelden. Nå skal de snart ned fra fjellet og tilbake til den virkelige verden. Både mennesker og dyr.

- Når jeg blir eldre skal jeg skaffe meg en liten gård. Og et par geiter, sier han og smiler ned mot den hvitkledde som vrir seg i favnen hans.

## Gamle måter for nye tider

- Vi vil opprettholde tradisjonene og driften som har vært her i 300 år. Det er så viktig at de ikke går i glemmeboka, sier Dale.

Sammen med ektemannen driver hun seteren innerst i dalen. På gamlemåten. Hver sommer jobber det syv til åtte mennesker på stedet, gjerne studenter som ønsker å lære mer om seterlivet. Arbeidsdagen innebærer melking og stell av dyr, drift av stedets lille kafé og guidede omvisninger på området. Bedriften er sertifisert for å drive med økoturisme og har et mål om å bringe mennesker tilbake til naturen. Derimot mener Dale fortsatt at det viktigste er å gi dyra et godt område å beite på.

- Det er viktig å ta vare på røttene våre. Å leve mest mulig i pakt med naturen. Her blir ikke miljøet påvirket. Tvert imot tar geitene vare på kulturlandskapet når de beiter der, forteller hun.

Tause voktere rammer den inn der den står. Noe vakkert, i hjertet av det vakre. De har stått der lenge og betraktet hverandre, seteren og fjellene omkring. Sammen har de sett mennesker, slekter, dyr og årstider komme og gå.

Og nok en gang kommer hvile og stillhet med septembervinden. Fred frem til våren, da det igjen er tid for liv og seterdrift på Herdalssetra.

**Gjengitt med tillatelse fra Næravisa**



Geitene på Herdalssetra sørger for at kulturarv og biologisk mangfolk bevares ved at de beiter hver sommer. På stedet finnes det en rekke arter som står på norsk rødliste - en oversikt over truede arter i Norge.



Flere av seterhusene er over 300 år gamle.

# Stølsveko i Øystre Slidre 5.-9.august

Stølsveko i Øystre Slidre starta 5.august og var ei aktiv ferieveke for 4.-7.klasse i kommunen. 18 ungar fekk i løpet av veka oppleve fjellivet og stølslivet i Øystre Slidre. Det var mellom anna kanopadling og fisking i Trøllåstjednet ved Sørre Trøllåsen, stølsbesøk på Etnlie, Yddelie, Sørre Skredalsstølen og Heimre Hedalsstølen ikrydra natur- og kulturopplevingar, leik og moro. Torsdag var det kveldskonsert med Blått Gådn på 1160 moh i Sørre Skredalen før ungane kraup inn i lavvo og sel til overnatting. Fredag 9.august vart avslutta med Farmen-aktivitetar, pannekake på bål og bading i Ole.
Arrangørstaben på 20 vaksne ser tilbake på ei artig og opplevelsesrik veke saman med kjekke og snille ungar.



Sørre Trøllåsen.

Øystre Slidre kommune fekk kr. 80 000 i støtte frå Helsedirektoratet for å arrangere ei Stølsveko for barn og unge i kommunen. Det vart søkt om om midlar til dette tiltaket gjennom Valdres Friluftsråd, og heile søknadssummen vart innvilga. Målet med tiltaket var å gje barn og unge ei aktiv ferieveke der dei fekk ”smake og føle” på stølslivet i kommunen og dele artige opplevingar i fjellet med kvarandre.

Folkehelsekoordinator i kommunen organiserte Stølsveko i samarbeid med andre kommunetilsette, Øystre Slidre Fjellstyre, Høgskulen i Oslo og Akershus, Øystre Slidre Bondelag, Tine Produsentteneste og sju stølseigarar. Instruktørar, assistentar og sjåførar vart leigd inn for å drifte opplegget.





Sørre Skredalsstølen

# Overnattingstur til Grøset seter

Mandag 23. september dro Eggedal skole på sin årlige høsttur, denne gangen gikk turen fra Grøset seter til Nerdalen som ligger snaue 3 kilometer fra setra.

**På gåtur til Nerdalen**
I strålende sol og med naturen i flotte høstfarger ble turen en god opplevelse. I en bratt skråning ned utsyn over Nerdalsjuvet fikk vi høre en spennende og sann historie som skjedde akkurat der for lenge, lenge siden – historien om “Sølvtølløv og mannedreperen Nerdalen”.
***Mvh: 5. og 6. klasse ved Eggedal skole v/ kontaktlærer Irene Uhlen Wærsted.***



Kjellfrid Narum forteller historie for hele skolen



# Norsk Mat og Kulturpris til seterbrukarar i Sollia i Hedmark



Geitebøndenen Ellen Marie Tangen og Hans Bondal, frå Sollia i Hedmark driv allsidig seterbruk, servering, foredling, kulturformidling høgt til fjells.

Geitbøndene, seterbrukarane og kulturformidlarane Ellen Marie Tangen og Hans Bondal frå Sollia i Hedmark er tildelt Norsk Mat- og Kulturpris!

Prisen på 100.000 kroner vart delt ut under den store festivalen Matstreif i Oslo sist laurdag. Prisen er etablert av Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Yara, og vart no delt ut for første gong. Tangen og Bondal driv to småbruk med i alt 110 geit. Om sommaren er geitene på setra, der dei og har starta seterkafe som byr på både mat og musikk. – Dei satsar verkeleg på setra, der dei no byggjer nytt fjøs og ystehus. Vi gratulerer Ellen Marie og Hans med prisen og ynskjer lukke til vidare med utviklinga av setra!

**Medlemskontingent 2014**

| | |
|---|---|
| Aktiv seterbrukar | kr 400,- |
| Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren | kr 300,- |
| Organisasjon/institusjon | kr 600,- |

**Ja, eg vil bli medlem**

- ☐ Aktiv seterbrukar
- ☐ Organisasjon/institusjon
- ☐ Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: ..........................................

Adresse: .......................................

Telefon: .......................................
Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

**NORSK SETERKULTUR**
6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169



# Svensk- norsk fagsamling for seterdrift

## Bergstaden hotell, Røros 9-10 november 2013

**Påmeldingsfrist 10. oktober**

Det blir en egenandel for dagpakker og fullpensjon, beløpet er foreløpig uavklart Påmelding til ks@valdres.no eller tlf. 99 00 95 84

**Priser pr. person:**
Dobbeltrom pr. døgn inkl. fullpensjon kr 1595,-. 300kr i enkeltroms tillegg
Dagpakke kr 525,- for «ikke-medlemmer».
Medlemmer av Norsk seterkultur gratis.

Medlemmer av Norsk seterkultur får refundert fullpensjon med kr 500,-

**Togtider:**
**8 november**

| | |
|---|---|
| Oslo - Røros | 10.34 – 15.36 |
| | 14.34 – 19.32 |
| | 16.34 – 21.33 |

**10 november**

| | |
|---|---|
| Røros - Oslo | 14.10 – 19.26 |
| | 16.26 – 21.26 |



**Lørdag 9. november**

ÅPNING

BEITELANDSKAPET I NORSK OG EUROPEISK SAMMENHENG

13.30 nterregprosjektet «Utmarksbeite- biologisk kulturarv som ressurs for ei bærekraftig framtid» - eksempler fra Budalen og Forradalen.
Bioforsk Midt Norge v/ forsker Bolette Bele

14.10 Internasjonale konvensjoner som berører seterbruket
Konsulent vid Naptek v. Marie Kvarnström, (Nationellt program för traditionell ekologick kunskap), Centrum för Biologisk Mångfald, Sveriges lantbruksuniversitet och Uppsala universitet

14.40 EFNCP og Europeisk samling for berekraftig utnytting av fjellbeitene
For EFNCP, Tanaquil Enzensberger

14.55 Beinstrekk

15.00 Dagens rovdyrforvaltning og seterdrift – er det forenlig?
Tone Våg, styreleder i Sau og Geit

16.40 Setersommer med rovdyr
Erfaringer fra seterbruker Espen Mørch Andersen

17.00 Beitedyr og sekundære skader.
Om for forstudie på sekundære skader hos beitedyr med rovdyrpress. Jens Jung, SLU

REKRUTERING I SETERDRIFTA

17.30 Hvordan trives unge i seternæringa?
Grønt Spatak, Natur- og ungdom ved Øyvind Aukrust

18.00 Erfaringer fra seterbruker Ida Østvold, Valdres

18.30 SLUTT

19.00 MIDDAG

**Søndag 10. november**

NASJONALT LØFT FOR SETERBEDRIFTER

09.00 Seterbedriftenes betydning reiselivet i Fjell-Norge
Innovasjon Norge Reiseliv v/ Per Øyvind Voie
09.40 Hva vet vi om markedet vårt?
HANEN v/ daglig leder Bernt Bucher Johannessen

10.10 Presentasjon av enkeltbedrift

10.30 Nasjonal nettside for seterbedrifter
Presentasjon av idéskisse for felles, digital plattform av seterbedrifter, v/ prosjektleder Ole Sylte Heggset

11.00 Kaffepause
11.30 Gruppearbeid
12.45 Oppsummering
13.00 Lunsj



# Else "Sprossa" Rønnevig med ny bok:

# VERN & VIRKE hus og tradisjoner

**For noen år siden kom Else Rønnevig over en støl som hadde stått til forfalls i over 50 år. Det ble starten på en historie om dugnader, kurs, slit, nye vennskap, mye moro, kunnskapsformidling og videreføring av vårt lands håndverkstradisjoner. Sprossa hadde i 2009 satt seg hårete mål med prosjekt Bjørkheimstølen. M ange var særdeles skeptiske men målet er nådd, ikke minst takket være mange ivrige personer som evnet å løfte i flokk sammen med henne.**

Forfatteren av boka "Bakerovnen", som fikk Sørlandets litteraturpris i 2011 og «GAMLE HUS, inspirasjon og mange gode råd» som kom ut i 2012, en bok som viste fantastiske reiser gjennom norsk bygningsglede er nå ute med enda en bok knyttet opp mot bygningsvern og tradisjoner.

Med VERN & VIRKE ønsker hun å oppnå at folk skal bli engasjert og inspirert. At det arbeidet andre har utført av redningsaksjoner på sine støler og hus, kan føre til at alle med tilsvarende problemer ser at det nytter, og at det gir dem mot til å ta fatt. Hun ønsker også at våre politikere tar dette temaet blodig alvorlig. Våre barns fremtid er helt avhengig av deres valg, både når det gjelder forutsigbarhet for bøndene og håndverksutdannelsen

**Boka VERN & VIRKE** forteller historien om gjenoppbyggingen av Bjørkheimstølen. Den har en fyldig gjennomgang av syv forskjellige restaureringsprinsipper i alt fra overflatene behandling til tekking med never og torv. Gamle teknikker er grundig dokumentert i boka, og her kan man følge prosessen steg for steg.
I dag har vi alt for lite fokus på vedlikehold. Det unike med gamle bygninger er at de er lagd for å vare, og for henne har den største læringen i dette prosjektet vært nøkternhet, deres kunnskap om materialer, forteller Else Rønnevig.

Å stå der midt i fjellheimen se det enkle lille selet reise seg igjen etter sterkt forfall gjør noe med deg. Se at materialer av tre, stein og mose uten moderne plast og «super produkter» bli til en varm og funksjonell bygning igjen - har vært en viktig læring. Vi har fjernet oss veldig langt, alt for langt fra det opprinnelige. Alle som i dag jobber med bygg og håndverk har mye å lære av våre forfedres tradisjonsbasserte og kloke måte å bygge på.
Rønnevig peker spesielt på behovet for flere dyktige og interesserte håndverkere med rett kompetanse når de skal vedlikeholde eller sette i stand gamle hus!
Boken henvender seg først og fremst til alle som har setre, men også til dem som planlegger å skaffe seg gamle hus i fjellet eller ønsker å bli inspirert i forkant av hyttebygging.




"Sprossa" - et begrep innen bygningsvern

Den vil også være en god støttespiller for eiendomsmeklere.
Ved et eierskifte er det en kjent sak at gamle bygninger går en usikker tid i møte
- Jeg ønsket å lage nettopp en slik bok fordi det er alt for mange eksempler i dag på at bygningsarven vår forringes ved istandsetting. Budsjettene sprekker og gamle hus får rykte på seg for å være pengesluk. Det sluket sørger huseier og håndverker for om de ikke skaffer seg mer kunnskap før de setter i gang arbeidene. Denne boken vil med gode eksempler fra andres prosjekter hjelpe dem med vern av både hus og lommebok.

«VERN & VIRKE» har blitt til gjennom mitt kjennskap til Valdres og mine reiser rundt i Norge. Dette er min måte å få vist fram alle de fantastiske bygningene som står og råtner på rot dersom ingen tar tak og gjør noe med situasjonen. Heldigvis er der ildsjeler rundt om i Norge som viser at det er mulig å redde bygninger som andre ikke ser noe verdi i. Jeg har sett bygningene før istandsettingen startet, snakket med eierne og hørt deres historier. Det er disse historiene leserne får kunnskap om og som jeg håper vil inspirere dem til å komme seg opp av godstolen, glemme treningssentret og sette i gang. Etter å ha satt i stand mange hus gjennom 30 år og nå også Bjørkheimstølen vet jeg hvor mye jobb det er, hvor ensomt det kan føles og hvor mye man savner et oppslagsverk som gir trygghet for alle valgene som må tas, forteller Else "Sprossa" Rønnevig.
Selv har "Sprossa" blitt et begrep innen norsk bygningsvern. Tilnavnet fikk hun så tidlig som i 1978 da hun gikk ut i media på Sørlandet mot alle som byttet ut de gamle vinduene med nye. Det var nok ikke hyggelig ment, men dette er en dame som ikke lar seg pille på nesen. Hun tok like godt tilnavnet i bruk – og laget en merkevare av det!

## En praktisk hjelp

- Mye av den informasjonen om vedlikehold som finnes i vår tids varehus og kataloger kan ikke alltid brukes på gamle hus. Ta eksempelet med linoljemaling. Fra nesten å ha vært borte fra markedet er interessen på vei opp. Huseiere med gamle bygninger å ta vare på ser selv hvor godt treverket har av en linoljemaling av god kvalitet. Og det er godt å vite, når resten av markedet domineres av plastmalinger.
VERN & VIRKE skal være til inspirasjons og praktisk hjelp. Bokens siste del er derfor råd om vedlikehold, forslag til nyttig litteratur, dokumentasjon av de 7 kursene, alt rettet inn mot huseiere og dugnadslag. .

## I forordet oppsummerer Kåre Willoch det slik:

«Uansett syn på fremtidens muligheter og farer, er slik innsikt i fortiden som denne stølen kan gi, viktig for forståelsen av vårt samfunns røtter. Samtidig har alt det praktiske arbeid med gjenreisingen bevart – eller gjenopplivet – byggeteknikker som vi risikerer å miste når ny teknologi strømmer på. Dette prosjektet skaper en dugnadsvilje for kulturvern som gir nye muligheter for fremgang for fortiden.»
Driftig dame
Else Rønnevig håper at mange etter å ha lest boken vil stanse opp, tenke, ta imot kunnskap og være med i arbeidet for å stanse forfallet på gamle bygg i fjellheimen. Det fortjener bygningsarven vår. "Sprossa" har mange jern i ilden, og et varmt engasjement for gamle hus. Hun evner å se mulighetene der andre bare ser forfallet. For mer informasjon kontakt: www.sprossa.no

B ØKONOMI ÉCONOMIQUE

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal

NORGE P.P. DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

TINE ®

Mange av våre produkter
har rot i stølskulturen
og vi støttar
Norsk Seterkultur
i arbeidet for denne
driftsforma

**OLAVSROSA**

Kvalitetsmerket
for de beste
kulturarvopplevelser.
Et besøk er et minne
for livet.

**"Vern gjennom bruk"**

NORSK KULTURARV
NORWEGIAN HERITAGE

***www.olavsrosa.no***
***www.kulturarv.no***

Felleskjøpet




**Bedre helse**
**med Pluss Ammeku**

Allsidig mineral- og vitamintilskudd
til ammeku. Pluss Ammeku sikrer
god helse, fruktbarhet og
tilvekst. Pluss Ammeku får
du kjøpt i butikkene våre.

**www.felleskjopet.no**

Pluss